



Ålesund
kommune

Sakspapir

Bypakke Ålesund - 4. gangsbehandling - bearbej

Dokumentinformasjon:

Saksbehandler:
Liv Kjersti Finholt
Tlf:
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Behandling:

Saksnr	Utvalg
007/17	Formannskapet Bystyret

Rådmannens innstilling:
Ålesund bystyre vedtar følgende:
Bypakkens prosjektliste slik.
Kommunen skal finansiere
Justert bomplassering slik
Justerte takster og rabatter
Trafikksikkerhets , syk
Det skal etableres en
Parallelt med bypakk
mål om 15 % kollekt

Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår

For Ålesund kommune 2023 – 2027

Innhold

1. KAPITTEL 1. ALMINNELEGE REGLAR	3
§ 1-1. HEIMEL	3
§ 1-2. RETTAR	3
§ 1-3. PLIKTER.....	4
§ 1-4. FERIE. FERIEPENGAR	4
2. DEKKING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP	5
§ 2-1. TAP AV INNTEKT.....	5
§ 2-2. UTGIFTER TIL ANNA PERSONELL, REFUSJON TIL ARBEIDSGJEVAR	6
§ 2-3. SKYSS, KOST, OVERNATTING, PÅFØRTE UTGIFTER	6
§ 2-4. BARNEPASS OG OMSORG	6
§ 2-5. TELEFON, INTERNETT, PC/ NETTBRETTORDNING MM.....	7
3 GODTGJERSLE FOR ARBEID.....	7
§ 3-1. GENERELLE REGLAR	7
§ 3-2. UTREKNING AV GODTGJERSLA	7
§ 3-3. GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR	7
§ 3-4. FAST GODTGJERSLE.....	8
§ 3-5. GODTGJERSLE PER MØTE.....	9
§ 3-6. FRIKJØP	10
§ 3-7. STYRE FOR KOMMUNALE FØRETAK.....	12
§ 3-8. OPPGÅVEUTVAL, ARBEIDSGRUPPER, KOMITÈAR, UTVAL ETTER SÆRLOV	13
§ 3-9. UNNATAK FRÅ GODTGJERSLE	13
§ 3-10. OM SJUKEFRÅVÆR, PERMISJON OG RETTAR VED YRKESKADE.....	14
§ 3-11. AVKORTING AV FAST GODTGJERSLE	14
§ 3-12. ETTERGODTGJERSLE	15
§ 3-13. PENSJONSORDNING.....	15
§ 3-14. FORSIKRING.....	15
4. ARBEIDSVILKÅR OG ORGANISATORISKE REGLAR	15
§ 4-1. OPPLÆRING OG TILRETTELEGGING	15
§ 4-2. ARBEIDSVILKÅR SOM FOLKEVALD.....	16
§ 4-3. UTBETALING AV YTINGAR	16

§ 4-4. OPPGÅVEPLIKTIG GODTGJERSLE.....	17
§ 4-5. DOKUMENTASJON PÅ FOLKEVALD VERV.....	17
5. OVERSIKT OVER SEKRETARIAT FOR FOLKEVALDE ORGAN.....	17

1. KAPITTEL 1. ALMINNELEGE REGLAR

§ 1-1. HEIMEL

Folkevalde sine rettar og plikter er heimla i kommunelov, forvaltningslov og kommunestyret sine egne vedtak.

Kommunelova § [5-1](#): «Med folkevalgte menes i denne lova medlemmer av kommunestyret og fylkestinget og personer som et folkevalgt organ har valgt inn i et folkevalgt organ eller et annet kommunalt organ etter § [5-2](#). Personer nevnt i § [7-3](#) første ledd bokstav b og c og som er valgt inn i underordnet styringsorgan i kommunalt oppgavefelleskap, er likevel ikke å anse som folkevalgte.»

§ 1-2. RETTAR

Folkevalde har rett til

- a) å få fri frå arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale organ. Arbeidstakar har også rett til permisjon i fire år eller for resten av valperioden for å utføre heiltids- eller deltids kommunalt verv (kommunelova § [8-2](#)),
- b) å melde forfall til møte der vedkomande er medlem (kommunelova § [8-1](#)). Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte, som til dømes at ein må at ein må forsøme viktige og uopprettelege forretningar eller plikter, slik som møte i andre offentlege organ, eksamen, og liknande, Gyldig forfall kan også gjelde reiser som det vil vere urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig, å avbryte. Dette gjeld og for delar av møte. Ordførar/møteleiar, i samråd med gruppeleiar, vurderer om det er nødvendig å kalle inn vara ved kortare fråvær.
- c) å søke om fritak frå vervet, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, dersom vedkomande ikkje utan «uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet» (kommunelova § [7-9](#)),
- d) å be om fritak frå å delta ved behandlinga av ei sak når vektige personlege grunnar tilseier dette. Vedkomande organ vedtek om slikt fritak skal givast etter at han eller ho ber om det før saka blir tatt opp til behandling (kommunelova § [11-11](#)),
- e) å få vurdert sin habilitet etter [forvaltningslova § 6](#) og kommunelova § [11-10](#) andre og tredje ledd,
- f) innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er under behandling,

- g) å få dekt utgifter og økonomiske tap som følge av kommunalt tillitsverv (kommunelova § [8-3](#)),
- h) å få godtgjersle for arbeidet sitt som folkevald (kommunelova § [8-4](#)).

§ 1-3. PLIKTER

Den folkevalde har plikt til

- a) å ta imot val til kommunale organ; formannskap, faste utval, kommunedelutval, kontrollutval og kommunale nemnder oppretta i medhald av andre lover enn kommunelova med mindre vedkomande ikkje krev fritak fordi han eller ho har tenestegjort som medlem av vedkomande organ dei siste fire åra (kommunelova § [7-2](#) og [vallova § 3-3](#)),
- b) å delta i møte i kommunale organ der vedkomande er valt medlem med mindre han eller ho har lovleg forfall (kommunelova § [8-1](#), 1. ledd),
- c) i god tid å seie frå om forhold som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil, ([forvaltningslova § 8](#), 3. ledd)
- d) å avgi stemme når ei sak blir tatt opp til votering. Ved val og tilsettingar er det høve til å stemme blankt (kommunelova § [8-1](#), 2. ledd).

Folkevalde pliktar å halde lover, forskrifter og reglement som gjeld for folkevald verksemd i kommunen.

Folkevalde pliktar å sette seg inn i og gjere seg kjend med [reglement for etisk standard for tilsette og folkevalde](#) i kommunen.

Folkevalde har eit særskilt ansvar for å legge fram relevant og korrekt dokumentasjon som grunnlag for sine krav.

§ 1-4. FERIE. FERIEPENGAR

- a) Ferielova gjeld ikkje for folkevalde ([Ferielova § 2](#)). Dei har dermed ikkje krav på feriefritid og feriepengar.
- b) Feriefritida blir praktisert etter følgande reglar:
 1. Folkevald som har løna arbeid som er omfatta av ferielova, kan bruke ordinær ferie som gyldig forfall frå å delta i møte.
 2. Folkevalde med verv i heiltid eller deltid avgjer sjølv om det er aktuelt å ta fri så lenge dette ikkje går ut over dei oppgåvene som er lagt til vervet. «Ferie» som ikkje blir nytta, kompensert ikkje i form av auka godtgjersle eller ved overføring av fridagar til neste «ferieår».
 3. I tidsrommet frå månadsskiftet juni/juli og til medio august er det som hovudregel ingen ordinære møte i dei folkevalde organa. Perioden blir derfor rekna som «møteferie». Det same gjeld påske og romjul.

- c) Folkevald som får utbetalt si faste godtgjersle per måned kan sjølv velje å ikkje å motta godtgjersla i juni året etter valet. Summen, med tillegg av endringa i konsumprisindeksen, blir i staden utbetalt i juni første året i ny valperiode.

2. DEKKING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP

§ 2-1. TAP AV INNTEKT

Kommunalt valde representantar, med unntak av ordførar og varaordførar, har rett på erstatning for dokumentert tapt arbeidsforteneste (inkl. feriepengar) som utføring av kommunalt verv fører med seg.

Føresetnaden for å krevje slik kompensasjon er at det ligg føre eit faktisk tap.

Tap av inntekt og påførte utgifter vert dekt etter følgjande reglar:

- a) Dokumentert tap av arbeidsinntekt (kommunelova § 8-3, 3. ledd): Arbeidsgjevar skal dokumentere at det er gjort trekk i løn med dato for når trekket gjeld, beløpet som er trekt og om det omfattar feriepengar. Det er sett eit tak tilsvarande (100% av) ei dagsløn for ordførar (7,5 t) og omrekna til timesats ved kortare fråvær. Lønsmottakarar skal som dokumentasjon legge ved erklæring frå arbeidsgivar om trekk i løn. Utfylt skjema må leverast for kvar gong ein krev slik erstatning. Erklæringa må vere stempla og underskriven av den som er ansvarleg for lønsutbetalinga i firmaet. Den folkevalde kan i staden for å bli trekt i løn, gjere avtale med sin arbeidsgivar om å få utbetalt ordinær løn derifrå mot at arbeidsgivar får refusjon frå kommunen. Oppgjer skal skje kvartalsvis, eller etter avtale. Den folkevalde har sjølv ansvaret for å gje arbeidsgivar informasjon om kven som er rett adressat for refusjonskravet, og for kva møte refusjonen gjeld.
- b) Sjølvstendig næringsdrivande som er registrert som enkeltmannsføretak, eller tilsett som arbeidar på tilsvarande vilkår. Sjølvstendige næringsdrivande skal legge fram likningsattest og utskrift av likninga. Tap per dag blir utrekna etter personinntekt frå næringsverksemd dividert på 230 dagar. Kapital-, leige- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Dersom likningsutskrifta ikkje gir nok opplysningar for utrekning av det reelle tapet, kan ein i tillegg legge ved eiga fråsegn med ei utrekning av inntektstapet som kan godkjennast av ordføraren. Beløpet inkluderer sosiale kostnader. Det er sett eit tak tilsvarande (100% av) ei dagsløn for ordførar (7,5 t) og omrekna til timesats ved kortare fråvær. Refusjonen for tapet utløyser ikkje feriepengar.
- c) Ulegitimert tap av arbeidsinntekt som kan sannsynleggjerast, kan dekkast etter søknad med inntil 0,25% av G per time.
- d) Potensiell tapt arbeidsinntekt dekkast ikkje.
- e) Folkevalde som må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta kommunalt tillitsverv (studentar, pensjonistar, heimeverande, frilansarar mv.) kan få dekt utgifter etter søknad med inntil 0,25 % av G per time.
- f) Yting frå folketrygda mv.: Det blir, etter dagens lovgiving, ikkje gitt kompensasjon for eventuelle trekk i arbeidsavklaringspengar, utbetalingar etter AFP-ordninga eller ytingar frå folketrygda som følge av utbetalt godtgjersle for arbeidet som folkevald.

§ 2-2. UTGIFTER TIL ANNA PERSONELL, REFUSJON TIL ARBEIDSGJEVAR

Arbeidsgivar kan krevje å få dekka utgifter til personell som blir sett inn for den som har fråvær på grunn av plikt til å delta i møte i kommunale organ. Kravet må ha vedlagt dokumenterte kostnader, dato og kven vikaren arbeidde for.

Arbeidsgivar kan krevje å få dekka lønnskostnader ved fråvær sjølv om vedkomande som har fråvær ikkje blir trekt i løn.

§ 2-3. SKYSS, KOST, OVERNATTING, PÅFØRTE UTGIFTER¹

- a) Den folkevalde får skyss, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet mellom bustad/arbeidsplass og møtestad, ved minimum 3 kilometer avstand. Dette gjeld:
1. møte i folkevalde organ vedkomande er medlem i, og
 2. møte, konferansar og kurs som vedkomande er kommunens valde utsending til.
 3. i fjernmøte der partigruppene kan sitte samla (hybridmøte), og det er spesifisert i innkalling at reiserekningar blir dekka.
- b) Det blir ikkje gitt skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle frå kommunen for reiser i samband med
1. styremøte for sjølvstendig rettssubjekt der vedkomande er vald som kommunen sin representant, og andre aktivitetar for styremedlemmar i slike organ, og
 2. gruppemøte og andre aktivitetar i eige parti eller gruppe, eller i andre samanhengar der vedkomande representerer partiet eller gruppa.
- c) Når folkevalde i jobb- eller studiesituasjon oppheld seg utanfor kommunen og er innkalla til møte, vert reiseutgifter dekt med eigna transportmiddel på billigaste måte avgrensa oppover til kr 2 000 per møte.
- d) Reiser skal gjennomførast på billigaste måte for kommunen, og der det er tenleg bør offentleg transportmiddel / bildelingstenesta OTTO nyttast. Ved bruk av privatbil bør fleire køyre saman. Bestillingar av flyreiser skal gjerast i god tid før avreise ved kommunen sin reisebyråavtale.
- e) Reiserekningar skal som hovudregel skrivast snarast innan 3 månadar.

§ 2-4. BARNEPASS OG OMSORG

I samband med deltaking i møte med pliktig frammøte blir det gitt kompensasjon for ekstra kostnader til pass av eigne barn under 12 år og tilsyn av familiemedlemmar som treng spesiell omsorg.

¹ Statens regulativ vert lagt til grunn

Pass og tilsyn blir kompensert med en timesats lik 0,15 % av grunnbeløpet. Dokumenterte utgifter utover dette blir kompensert. Godtgjersla blir ikkje innrapportert som løn.

§ 2-5. TELEFON, INTERNETT, PC/ NETTBRETTORDNING MM.

Faste medlemmar i kommunestyret får, ved start av kvar kommunestyreperiode, utdelt kommunalt nettbrett som arbeidsverktøy. Leiarar av folkevalde organ og gruppeleiarar skal ha kommunal berbar PC og egna utstyr til å leie digitale møte. Distribusjon av sakspapir skjer elektronisk. Det er eit mål at alle som er oppnemnde i eit folkevalt organ skal få nettbrett (eller PC), og at flest mogleg av varamedlemmar også får det.

Nettbrettet/PC-en er kommunal eigeendom som dei folkevalde får låne. Kommunen tilbyr brukarstøtte. Den folkevalde kan mot betaling få SIM-kort i utstyret. Når utstyr blir levert tilbake skal alle kommunale profilar på eininga slettast. Den enkelte sin Apple-ID, iCloud, appar og liknande er framleis tilgjengeleg på anna eining, men blir fjerna frå PC/nettbrett som blir levert tilbake.

Ved bruk av kommunens IKT-løysingar gjeld dei same retningslinjer for folkevalde som for tilsette knytt til forsvarleg bruk av IKT og informasjonssikkerheit. Dette inneber mellom anna krav til kompetanse, bruk av internett, handtering av passord og låsing av PC/nettbrett.

3 GODTGJERSLE FOR ARBEID

§ 3-1. GENERELLE REGLAR

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for arbeidet sitt med å utføre tillitsverv etter nærare reglar fastsett av kommunestyre sjølv (kommunelova § 8-4). Kommunestyret bør fastsette godtgjersle tidleg i valåret og bør gjere dette gjeldande for den kommande valperioden.

Folkevalde har ikkje noko tilsettingsforhold i kommunen og godtgjersla er ikkje løn. Godtgjersla er kompensasjon for arbeidet som tillitsvald og blir innrapportert som skattepliktig inntekt.

§ 3-2 UTREKNING AV GODTGJERSLA

For alle andre enn ordførar og varaordførar vert all godtgjersle sett i prosent av 8,5G, runda til næraste 10 kroner. Satsane blir justert i samsvar med grunnbeløpet (G) i folketrygda per 1. mai kvart år. Unntaket er styreleiarar for kommunale føretak som får si godtgjersle utrekna i % av ordførar si godtgjersle.

§ 3-3. GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

- a) Ordføreren blir godtgjort med 11 G. Varaordføreren blir godtgjort med 8,5 G.
- b) Godtgjersla omfattar alt arbeidet som ligg i desse to verva og det blir ikkje gitt fast godtgjersle eller godtgjersle per møte for arbeid i organ dei er valde medlemmar av.
- c) Kommunen dekker utgifter til PC og telefon samt abonnement på Kommunal Rapport.
- d) Ordførar og varaordførar får dekkja bilgodtgjering med 40 000 kr årleg, samt får fast parkeringsplass. Ordførar og varaordførar kan bruke kommunen si bildelingsordning (OTTO) om mogleg.

§ 3-4. FAST GODTGJERSLE

- a) Fast godtgjersle blir gitt til verv i folkevalde organ der det påreknast utstrekt kontakt frå involverte partar, interesseorganisasjonar, publikum og frå pressa. Den faste godtgjersla kompensere for arbeidet slik kontakt utløyser, utlegg til telefon, internett mv. Godtgjersla omfattar og deltaking i kurs og konferansar for folkevalde der medlem av organ nemnt i første punktum er målgruppe.
- b) Fast godtgjersle til leiar, eller høgare sats per møte, kompensere for leiarfunksjonen.
- c) For leiarane av komitear og utval er alle oppdrag inklusive i godtgjersla. Fast godtgjersle blir gjort gjeldande for følgjande verv (i prosent av 8,5 G):

Verv, organ	%	Sum
Faste medlemmar		
Formannskap ²	15,00	151 241
Leiar		
Leiar hovudutval	10,00	100 827
Planutval	15,00	151 241
Kommunedelutval	0,75	7 562
Kontrollutval	10,00	100 827

² Er òg valstyre, jf. § 3-9 nr. 1 a.

Eldreråd	0,75	7 562
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	0,75	7 562
Ungdomsråd	0,75	7 562

- d) Gruppeleiarar for parti/grupper som er representert i kommunestyret får utbetalt fast årsgodtgjersle i prosent av 8,5 G etter storleiken på gruppa. Godtgjersla gjeld for:
- arbeidet med å administrere gruppa
 - møte der gruppeleiarane blir konsultert eller representerer gruppa
 - koordinering mot administrasjonen og andre partigrupper (under dette samle opp spørsmål til administrasjonen, vere kontaktpunkt for gruppa, bestille møterom, gi utbetalingsinformasjon til sekretariatet)

<i>Kommunestyregruppene</i>	<i>%</i>	<i>Sum</i>
Gruppeleiar	4,0	40 331
Pr. medlem utover gruppeleiar	1,00	10 083

- e) Fast sats per parti skal gå til gruppeleiarane av partia, men partia kan sjølv vedta om stønad per medlem (1% 8,5 G) skal utbetalast og lønsmeldast til andre i gruppa. Dersom eit medlem melder seg ut av eit parti, skal støtta for denne medlemmen framleis utbetalast til partiet vedkomande forlèt. Den statlege partistønadene kjem i tillegg og vil kome fram av eiga politisk sak.

§ 3-5. GODTGJERSLE PER MØTE

- a) Godtgjering per møte blir gitt til førebuing av og gjennomføring av møte i det aktuelle organet. Med førebuing meiner vi slikt som lesing av saksdokument og deltaking i gruppemøte, synfaring, folkemøte og andre aktivitetar som er relevante som bakgrunnsstoff for å ta stilling til dei sakene som blir handsama i møtet.
- b) Godtgjersle per møte blir gitt til møtande medlem (inkl. leiar) og møtande vara for følgjande organ (i prosent av 8.5 G):

Organ (1G per 01.05. i gjeldande år)	Leiar		Møtande medlem	
	%	Kr	%	Kr
Kommunestyre			0,4	4.033
Formannskap ¹			0,20	2 017
Planutval			0,20	2 017
Hovudutval			0,20	2 017
Kontrollutval			0,40	4 033
Kommunedelutval	0,15	1 512	0,10	1 008
Eldreråd	0,10	1 008	0,10	1 008
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	0,10	1 008	0,10	1 008
Ungdomsråd	0,10	1 008	0,10	1 008
Administrasjonsutval			0,10	1 008
Forhandlingsutval			0,10	1 008
Kommunalt oppnemnde folkevalde i styre og nemnder			0,10	1 008

1. Er også valstyre, jf. § 3-9 nr. 1 a.

§ 3-6. FRIKJØP

- a) Folkevalde med særleg arbeidskrevjande verv kan få fast årleg godtgjersle i staden for møtegodtgjersle. Taket på frikjøp er 80 % av ordførar si godtgjersle. Det er eit vilkår for å kunne velje dette alternativet at den folkevalde tek permisjon frå si ordinære stilling minst tilsvarande det samla prosentvise frikjøpet.
- b) Ein folkevald kan ikkje velje frikjøp for eit organ og møtegodtgjersle for eit anna der ein er fast medlem, og der medlemskapet gir grunnlag for frikjøp (jf. Oversikt under).
- c) Følgjande verv er definert som særleg arbeidskrevjande og dannar grunnlag for frikjøp med følgjande satsar:

Verv, organ	% av G Frikjøp	Sum <small>1G per 1/5 i gjeldande år)</small>
	8,5 G	
Faste medlemmar formannskap	30,00	302.481
Leiar hovudutval	20,00	201.654

Leiar planutval	30,00	302.481
Leiar kontrollutval	20,00	201.654

- d) For den som vel frikjøp fell møtegodtgjeringa bort, samstundes som satsen for fast godtgjersle vert dobla. For den som vel frikjøp vert også godtgjersle for kommunestyret og kommunestyrekomiteane omrekna (med utgangspunkt i fastsett møteplan) til fast beløp etter følgjande tabell:

Verv, organ	% av Frikjøp 8.5G	Sum 1G per 1/5 i gjeldande år)
Kommunestyret	3,00	30.248
Hovudutval/planutval	2,00	20.165

- e) Procentsatsen for frikjøpsordninga skal dekkje alle faste møte inkludert ekstramøte, i alle møte i alle politiske organ (inklusive arbeidsutval, oppgåveutval og som møtande varamedlem), synfaringar, studiereiser, konferansar og alle andre oppdrag i desse fora.
- f) Folkevalde som kjem inn under frikjøpsordning skal kunne ta ut løna foreldrepermisjon etter gjeldande lovar og reglar.
- g) Folkevalde som kjem inn under frikjøpsordning skal få sjukepengar etter gjeldande regelverk (legeerklært sjukdom).
- h) Ansvar og oppgåver for frikjøpte politikarar:
- Frikjøp skal gi den frikjøpte og partia sine kommunestyregrupper eit betre høve til å gjere eit kvalifisert arbeid i Ålesund kommune.
 - Det vert forventa at den frikjøpte folkevalde nyttar tida til beste for Ålesund kommune, og ikkje til partiarbeid. Det vil seie i saker i, og for Ålesund kommune.
 - Den frikjøpte må rekne med å vere tilgjengeleg tilsvarande grad av frikjøp. Typiske oppgåver, i tillegg til oppgåver knytt til medlemskap i formannskap, komite, utval, vil vere å:
 - vere kommunen sin representant i ulike styre, grupper, utval mm.
 - delta i, eller leie, arbeidsgrupper, arbeidsutval, oppgåveutval
 - representere kommunen, på vegne av ordførar
 - delta på konferansar, opplæring, synfaringar
 - svare innbyggjarar som tar kontakt
 - Ordførar kan i tillegg tildele oppgåver.

Folkevald som ønskjer å nytte ordninga med frikjøp skal sende skriftleg søknad med dokumentasjon frå arbeidsgjevar om reduksjon av ordinær stilling, jf. vilkår i § 3-6 a, til politisk sekretariat.

Folkevald med innvilga frikjøp er sjølv ansvarleg for å melde frå om endringar som kan ha innverknad på retten til frikjøp.

Folkevald som er innvilga frikjøp, men som i løpet av perioden ikkje lenger fyller vilkåra for frikjøp fordi hen må seie opp si ordinære stilling (av grunnar vedkomande sjølv ikkje kan styre) eller arbeidsgjevar trekker inn stillinga, skal framleis kunne vere omfatta av ordninga med frikjøp ut perioden.

Politisk sekretariat skal ha skjema og rutinar for vedtak og oppfølging av frikjøpsordninga, under dette også eventuell reduksjon ved fråvær og endringar som påverkar vilkår for frikjøp.

§ 3-7. STYRE FOR KOMMUNALE FØRETAK

Styreleiar for kommunalt føretak mottek godtgjersle med ein fast sum per år. Medlemmar og varamedlemmar får godtgjersle per møte.

Standardiserte satsar frå 1/1-2023 er med utgangspunkt i ordførar si løn (11 G), samt med utgangspunkt i møtegodtgjersle for folkevalde i folkevalde organ (8,5 G)

Enkel kompleksitet

Styreleiar *: Maks 2,5% av ordførar si løn, eller selskapa får sjølve avgjere basert på tidlegare år.

Styremedlem / varamedlem: Maks 0,05 % av 8,5G

Normal kompleksitet

Styreleiar *: Maks 5% av ordførar si løn, eller selskapa får sjølve avgjere basert på tidlegare år.

Styremedlem / varamedlem: Maks 0,075 % av 8,5G

Høg kompleksitet

Styreleiar *: Maks 10 % av ordførar si løn, eller selskapa får sjølve avgjere basert på tidlegare år.

Styremedlem / varamedlem: Maks 0,1 % av 8,5G

*I dei tilfella styra har nestleiar, står styra fritt til å dele styreleiar's godtgjersle.

Godtgjersla gjeld følgjande føretak :

Organ (1G per 1/5-23)	Leiar av ordførar si løn		Fast medlem og varamedlem	
	%	Kr	%	Kr
Møre og Romsdal 110-sentral KF ¹	5,00	65 241		
Ålesund brannvesen KF	5,00	65 241	0,075% pr møte	756
Ålesund kommunale eigedom KF	10,00	130 482	0,1 % pr møte	1008

§ 3-8. OPPGÅVEUTVAL, ARBEIDSGRUPPER, KOMITEAR, UTVAL ETTER SÆRLOV

Når formannskap eller kommunestyre opprettar arbeidsgrupper, komitear og/eller ad hoc utval som skal løyse konkrete tidsavgrensa arbeidsoppgåver skal medlemmane, som ikkje har frikjøp, motta godtgjersle per møte i % av 8,5 G, som vist i tabellen under. Det same gjeld organ som er oppretta etter særlov.

Organ Beløp i 2021 (1G per 01.05.2021)	Leiar		Møtande medlem	
	%	Kr	%	Kr
Arbeidsgruppe kommunedelsutval	0		0	
Arbeidsgruppe i politiske komitear/utval	0,15	1 512	0,10	1008
Oppgåveutval	0,15	1 512	0,10	1008
Organ etter særlov som ikkje er nemnt i § 3-7	0,15	1 512	0,10	1008
Klagenemnd	0,15	1 512	0,10	1008

§ 3-9. UNNATAK FRÅ GODTGJERSLE

- a) Godtgjersle og utgiftsdekking blir ikkje gitt
1. til meir enn eitt organ når to eller fleire organ, som har samanfallande samansetting av medlemmar og varamedlemmar, har møte etter kvarandre på same dag,
 2. til organisasjonens medlemmar i partssamansett utval,
 3. tilsett i kommunen som i kraft av stillinga si er oppnemnd som medlem i oppgåveutval, arbeidsgrupper, komitear og ad hoc utval for ei avgrensa tid når oppdraget blir utført innanfor eiga normalarbeidstid,
 4. frikjøpte politikarar får ikkje ytterlegare møtegodtgjersle for å delta i arbeidsutval, oppgåveutval, vere vara i andre utval.

5. til medlemmar i styre for sjølvstendig rettssubjekt.

- b) Ordføraren, varaordføraren og andre frikjøpte politikarar får ikkje godtgjersle for eventuelle verv i styrer, råd og utval. Den faste godtgjersla for desse verva dekkjer alle oppdraga dei har som følgje av vervet.

Når det gjeld samla godtgjersle til frikjøpte vert det gjort merksam på § 8 i kommunen si forskrift om at samla fast godtgjersle for frikjøpt folkevald i Ålesund kommune, inkludert godtgjersle som gruppeleiar, ikkje for andre enn ordførar og varaordførar, kan overstige 80% av 11,0 G. (kr 980 998).

- c) Det blir gitt godtgjersle og utgiftsdekking til kommunens valde representantar/representantar utpeika av ordførar i eit selskap sitt representantskap eller generalforsamling, til kommunens utsending(ar) til årsmøte i organisasjon kommunen er medlem av samt til kommunens utsendingar til fylkesmøte i KS. Satsen for godtgjersle er den same som for møtande medlemmar nemnt i §§ 3-5 og 3-7. Utgiftsdekning og dekking av tap av inntekt følger reglene i §§ 2-1 til 2-3. Representanten eller utsendingen må sjølv fremje krav om godtgjersle m.m. etter reglane i § 4-3.

§ 3-10. OM SJUKEFRÅVÆR, PERMISJON OG RETTAR VED YRKESSKADE

Folkevalde som har vervet som hovudverksemd og kjem inn under vedteken frikjøpsordning har same rett til sjukepengar og rett til ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen, jf. kommunelova § [8-8](#), § [8-9](#) og § [8-10](#).

Permisjon kan givast i samsvar med [arbeidsmiljølova](#) §§ 12-1 – 12-10 og 12-15. Det blir vist til kommunelova § [8-10](#). Dette gjeld mellom anna:

- a) Svangerskapspermisjon jf. Aml § 12-2
- b) Omsorgspermisjon jf. Aml § 12-3
- c) Fødselspermisjon jf. Aml § 12-4
- d) Foreldrepermisjon jf. Aml § 12-5
- e) Permisjon for pleie av nærstående jf. Aml § 12-10
- f) Pliktig militærtjeneste mv jf. Aml § 12-12.

§ 3-11. AVKORTING AV FAST GODTGJERSLE

Ved fråvær i 30 % eller meir av møta i arbeidsåret (1. november – 31. oktober), reduserast den faste godtgjersla tilsvarande.

Deltek ein varamedlem i 50 % eller meir av møta i arbeidsåret, blir det gitt fast godtgjersle etter same regel som nemnt i første ledd. Dette gjeld også nestleiar som fungerer som leiar i 50% eller meir av møta i arbeidsåret.

Reglar om avkorting gjeld også for frikjøpte som har fråvær frå ordinære møte, med utsendt innkalling. Unntak: Avkorting gjeld ikkje dersom fråværet skuldast sjukdom eller andre grunnar etter reglane i § 3-10 eller at vedkomande deltek på andre oppdrag for kommunen. Godtgjersla skal reduserast med ein sum tilsvarande satsen for møtegodtgjersle i vedkomande organ.

§ 3-12. ETTERGODTGJERSLE

- a) Folkevald i verv tilsvarande 40 % av normalarbeidstid eller meir og som ikkje veljast for ein ny periode med minst same omfang, får godtgjersle ut over valperioden på følgjande vilkår:
1. Godtgjersla for vervet fortset ut over valperioden sin slutt og fram til vedkomande går over i løna stilling eller blir mottakar av yting frå folketrygda i eit omfang som minst likt omfanget av det vervet vedkomande hadde ved utgangen av valperioden. Eksempel 1: Vervet er på 40 % og vedkomande får 30 % yting frå folketrygda. Godtgjersla oppretthaldast. Eksempel 2: Vervet er på 40 % og vedkomande får 50 % yting frå folketrygda. Godtgjersla fell bort.
 2. Ettergodtgjersle kan bli gitt i maksimalt 3 månadar.
- b) Folkevald som blir løyst frå vervet før valperioden er over får ikkje ettergodtgjersle.

§ 3-13. PENSJONSORDNING

Ålesund kommune er tilslutta pensjonsordning for folkevalde i kommunen. Ordninga omfattar folkevalde som får godtgjersle tilsvarande 1/3 del av normalarbeidstid, eller meir.

Folkevalde som ikkje har krav på særskild pensjonsordning basert på si faste godtgjersle, kan søke om å få dekt utgiftene sine til å oppretthalde eiga pensjonsordning. Utgiftene må legitimerast og blir dekt med ein del tilsvarande omfanget av den folkevalde sitt faste verv.

§ 3-14. FORSIKRING

Folkevalde med godtgjersleprosent er forsikra etter § 10 (Gruppeliv) og § 11 (Yrkesskadeforsikring) i Hovudtariffavtalen. Folkevalde med frikjøpsprosent kan òg omfattast av ulykkesforsikring i fritid på same vilkår som tilsette. Den enkelte folkevalde må sjølv ta kontakt med politisk sekretariat dersom dei ønskjer å vere omfatta av fritidsforsikringa. Eigenandelen trekkast av godtgjersla.

4. ARBEIDSVILKÅR OG ORGANISATORISKE REGLAR

§ 4-1. OPPLÆRING OG TILRETTELEGGING

Dei folkevalde skal få tilbod om opplæring i kommunen sin politiske- og administrative styringsstruktur, arbeidet i folkevalde organ, tilgjengeleg styringsverktøy, samt andre forhold som er viktig for å utøve vervet som folkevald.

Frikjøpte politikarar skal ha tilgang på arbeidsplassar med tilgang på skrivar og kopimaskin på rådhuset og i tilknytning til innbyggartorga i kommunen.

Gruppeleiarar og frikjøpte må ha tilgangskort til rådhuset.

Kommunestyregruppene skal ha tilgang til møterom/lokale i rådhuset, eller i andre høvelege kommunale bygg, til si verksemd. Gruppeleiarane, komite- og utvalsleiarane skal ha tilgang til å reservere sjølve i Outlook.

Opplæring skal administrerast av politisk sekretariat med støtte kommunedirektøren sine stabseiningar og aktuelle verksemder.

§ 4-2. ARBEIDSVILKÅR SOM FOLKEVALD

Kommunen sin politiske styringsstruktur legg til grunn at dei folkevalde skal ha gode rammevilkår og økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

Organ med stor saksmengde og med hyppige møte i månaden, kan legge møta sine i normalarbeidstida.

Tal møte, tidspunkt for møta, saksmengde, omfang av dokument, tilgang til elektroniske tenester mv. skal så langt som råd tilpassast slik at flest mogleg kan makte å utføre oppgåva som folkevald på ein god måte.

§ 4-3. UTBETALING AV YTINGAR

Utgiftsdekking og arbeidsgodtgjersle skjer etter følgande reglar:

- a) Tap av inntekt: Den folkevalde sjølv må fremje krav om å få dekt desse kostnadane. Krav om dekking må vere fremja snarast og seinast 3 månader etter at tap av inntekt er dokumentert, og innan utgang av rekneskapsåret. Mottekne krav handsamast og kjem til utbetaling på same tidspunkt som kommunen betalar ut løn for sine tilsette.
- b) Anna personell som er sett inn/vikar og tap av inntekt for sjølvstendig næringsdrivande: Krav frå arbeidsgjevar må settast fram seinast tre månader etter at grunnlaget for kravet oppstod. Sjølvstendig næringsdrivande må oppgi organisasjonsnummer for bedrifta.
- c) Dekking av utgifter: Den folkevalde sjølv må sende inn oversikt over dokumenterte utgifter. Krav om dekking av desse kostnadane må vere sett fram snarast råd og seinast 3 månader etter at kostnaden oppstod og innan utgang av rekneskapsåret. Utgiftsdekking handsamast og utbetalast snarast.
- d) Arbeidsgodtgjersle: Arbeidsgodtgjersle for dei ulike verva vert utbetalt som hovudregel éin gang i året for perioden 1. november – 31. oktober i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande rutinar hos organet sitt sekretariat.
- e) Fast godtgjersle for verv med 20 % av normalarbeidstid eller meir får utbetalt godtgjersle kvar månad med 1/12 av beløpet for den faste, årlege godtgjersla.
- f) Studentar med bustad ved studiestad utanfor Ålesund kommune skal så langt mogleg nytte studentrabatt ved bruk av offentleg kommunikasjon.

¹ Sjå oversikt sist i dette reglementet.

§ 4-4. OPPGÅVEPLIKTIG GODTGJERSLE

Utbetaling av tapt arbeidsforteneste blir rapportert inn som inntekt. Skatt blir trekt etter innlevert skattekort. Bilgodtgjersle og diett blir rapportert inn som oppgavepliktig godtgjersle etter gjeldande reglar for slike ytingar.

§ 4-5. DOKUMENTASJON PÅ FOLKEVALD VERV

Den som har hatt verv som folkevald, kan få skrive ut dokumentasjon på verva, kva verva gjeld og funksjonstida på dei. Dokumentasjonen vert skrive ut av politisk sekretariat.

5. OVERSIKT OVER SEKRETARIAT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Organ	Sekretariat
Partsamansette utval/administrasjonsutval	Personal og organisasjon
Oppgåveutval m.v.	Den som opprettar organet
Arbeidsmiljøutval m.v.	Personal og organisasjon
Kommunedelutval	Politisk sekretariat
Kommunestyre	Politisk sekretariat
Kommuneutval	Politisk sekretariat
Planutvalet	Politisk sekretariat
Eldreråd	Politisk sekretariat
Forhandlingsutval	Personal og organisasjon
Formannskapet	Politisk sekretariat
Hamneråd og hamnestyre	Ålesundregionens havnevesen
Klagenemnda (forvaltningslova § 28)	Politisk sekretariat
Kontrollutval	Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Overskattetakstnemnda	Verksemd plan, byggesak og geodata
Råd for menneske med funksjonsnedsetting	Politisk sekretariat
Skattetakstnemnda	Verksemd plan, byggesak og geodata
Styret for Møre og Romsdal 110-sentral KF	Føretaket
Styret for Ålesund brannvesen KF	Føretaket
Styret for Ålesund kommunale eignedom KF	Føretaket
Ungdomsrådet	Politisk sekretariat
Valstyret	Politisk sekretariat